

# REGLEMENT FOR RÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

## 1. Heimel

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er oppretta i medhald av kommunelova § 5- 12 og forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom.

## 2. Føremål

Rådet skal arbeide for at menneske med nedsett funksjonsevne vert sikra open, brei og tilgjengeleg medverknad i arbeidet med saker som gjeld for menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet skal medverke til å fjerne samfunnsskapt stengsler, og direkte og indirekte diskriminering innanfor heile det kommunale plan- og saksområdet. Rådet skal òg medverke til at menneske med nedsett funksjonsevne får tilgang til tenester og informasjon som er nødvendig for å kunne fungere best mogleg i kvardagen.

## 3. Val og samansetjing

Kommunestyret vel eit samla råd for den kommunale valperioden.

Rådet har 3 medlemmer, med 3 varamedlemmer. Ein medlem er kommunestyremedlem, og dei to andre er representantar frå brukarorganisasjonar. Organisasjonar som representerer menneske med nedsett funksjonsevne har rett til å kome med forslag til medlemmer.

Kommunen må informere om retten til å fremje forslag til medlemmer i god tid før valet. Rådet vel sjølv leiar og nestleiar.

## 4. Ansvarsområde og gjeremål

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er eit rådgjevande organ for kommunen, og har rett til å kome med uttale i alle saker som gjeld for menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet skal medverke til at sentrale og lokale retningslinjer og overordna politiske målsetjingar vert følgde opp innanfor ulike saksområde som vedkjem eller har innverknad på menneske med nedsett funksjonsevne.

Rådet skal bli involvert på eit tidleg tidspunkt i den kommunale sakshandsaminga slik at uttalene kan påverke utfallet i saka.

Rådet skal få orienteringar om aktuelle saker som er under arbeid i kommunen.

Rådet skal få tilbakemelding frå kommunestyret om saker dei har uttalt seg om.

Rådet kan sjølv ta opp saker som vedkjem menneske med nedsett funksjonsevne.

Ordføraren eller utvalsleiar kan invitere inn medlemmer i møte i kommunestyret eller utval når det er høveleg for orienteringar og liknande.

Rådet skal kvart år utarbeide ei melding om verksemda si. Meldinga skal leggjast fram for kommunestyret.

Rådet skal ikkje behandle saker som gjeld enkeltpersonar.

Kommunestyret kan gi Rådet for mennesker med nedsett funksjon mynde til å fordele løyvingar.

## 5. Budsjett

Kommunen løyve 10 000 kr til kurs, møtevirksomheit og drift.

## 6. Møter

Rådet vurderar sjølv kor ofte det er behov for møter. Rådet skal ha møte dersom eit av vilkåra under er oppfylt:

- Rådet sjølv eller kommunestyret vedtek det
- Leiar av rådet meiner det er naudsynt
- 1/3 av medlemmene krev det

Leiar av rådet skal setje opp sakliste for kvart møte. Leiar kan få hjelp frå sekretær til å skrive og sende ut innkalling.

Leiar eller nestleiar held møta.

Innkalling vert sendt per e-post i god tid før møte.

Rådet er vedtaksdyktig når minst halvparten av medlemmene er til stades. Vedtak gjerast ved vanleg fleirtal. Ved like mange stemmer er leiaren si stemme avgjerande.

## 7. Saksbehandling

Rådet skal få tilstrekkeleg sekretariathjelp. Så langt som mogeleg skal sekretærstillinga vere knytt til ein fast person i administrasjonen.

Det skrivast referat frå møta i Rådet for mennesker med nedsett funksjonsevne. Referatet vert sendt til leiar for godkjenning før det vert sendt ut til medlemmer i rådet og lagt ut på kommunen sine heimesider.

Saksbehandling i rådet skal følge reglane i kommunelova kapittel 11 og kommunen sitt fellesreglement for saksbehandling i folkevalde organ.

## 8. Rettar og plikter

### a) Møteplikt og forfall

Medlemmer som ikkje kan møte melder i frå til sekretæren så snart som mogleg.

### b) Møtegodtgjersle

Medlemmer av rådet har rett på godtgjersle. Satsen fyl kommunen sitt reglement for folkevalde, Sekretær fører lister over møtte.

c) Reisegodtgjersle

Medlemmer av rådet har rett på skyss-, kost- og overnattingsgodtgjering for reiser i samband med vervet.

d) Rett til fri frå jobb

Medlemmer av rådet som er i arbeid har rett til fri grunna møter i rådet.

e) Taushetsplikt

Medlemmer i rådet har taushetsplikt etter forvaltningslova.

f) Møte og talerett i kommunestyret

Medlemmer av rådet eller leiar av rådet har talerett i saker som er særleg aktuelt for rådet. Rådet må i forkant av det aktuelle møte melde kva saker dei ønsker å uttal seg om, og sak skal vere handsama i Rådet for mennesker med nedsett funksjonsevne før ein eventuell uttale i andre folkevalte organ.